

Kontrollutvalet i Hafslo idrettslag sin beretning for 2023.

Kontrollutvalet skal kontrollere at styret utfører dei oppgåvene styret er tillagt etter NIFs lov §2-12.

Kontrollutvalet har hatt 4 møter. I tillegg har vi delteke på team-møte om kontrollutval i regi av idrettsforbundet i fylke.

Vi har utført følgjande handlingar:

Gjennomgang av:

- Protokoll for årsmøtet 2023
- Protokoll for ekstraordinært årsmøte
- Referat frå styremøte
- Føreteke rekneskapsrevisjon for 2023
- Kontroll av resultatrekneskap, balanse og notar 2023
- Kostnader er stikkprøvemessig kontrollert for attestasjon og dokumentasjon.
- Vesentlege inntekter er kontrollert mot avtaler og annan dokumentasjon.
- Kontrollert at kostnader og inntekter gjeld for inneverande rekneskapsår, og at det er avsett for fakturakrav som enno ikkje er mottekne samt opptente inntekter som enno ikkje er fakturert/mottatt.
- Balansen viser laget sine verdier. Balanseverdier er kontrollert mot underliggjande dokumentasjon. Alle balanseverdier er reelle pr. 31.12.23.
- Vi har vurdert at notane gir dei opplysningar som er av betydning for å bedømme laget sin stilling og resultat.

Regnskapet viser eit overskot på kr 976 609,-

Ved årsavslutning 2023 auka den frie eigenkapital med kr 976 609,-.

Kontrollutvalet har følgjande merknader til forvaltninga/styring av laget:

Styret har følgd opp årsmøtet sine vedtak.

Basert på det materialet vi har fått oss framlagt, er det ikkje grunnlag for ytterlegare merknader ut over det som framgår av denne beretningen.

Kontrollutvalet har følgjande merknader til det framlagte rekneskapet.

Kontrollutvalet har ingen merknader til det framlagde årsrekneskapet.

Konklusjon

Kontrollutvalet sin konklusjon er at styret har utført dei oppgåvene som det er tillagt etter loven, og kontrollutvalet tilrår at styret si beretning og laget sitt årsrekneskap for 2023 vert godkjent av årsmøtet.

Stad, dato:

Hafslo, 26.02.24

Signatur:


Hermann Odd Stein


Gerd Westby